

# Vil reise debatt rundt omorganiseringa av NLR

**Gunnhild Overvoll skulle gjerne sett at fylket Møre og Romsdal kunne samle seg under ei rettleiingsteneste. Fylkesmannen oppmodar bøndene sine organisasjonar til å samarbeide betre lokalt og regionalt.**

Jofrid Åsland



– Eg ynskjer å reise ein debatt kring organiseringa av rettleiingstenestene for bøndene i Møre og Romsdal, seier Gunnhild Overvoll, nestleiar i Møre og Romsdal Bondelag. (Illustrasjonsfoto: Liv Kristin Sola.)

I dag har fylket Møre og Romsdal to rettleiingstilbod for bønder. Norsk Landbruksrådgiving Sunnmøre (NLR Sunnmøre) og Landbruk Nord Vest.

– Me i bondelaget kunne tenke oss at dei to rettleiingstenestene i fylket slo seg saman, seier Gunnhild Overvoll, nestleiar i Møre og Romsdal Bondelag.

Norsk Landbruksrådgiving (NLR) står framom ei omorganisering, talet på einingar skal reduserast over heile landet. I staden for at NLR Sunnmøre slår seg saman med NLR Sogn og Fjordane og NLR Hordaland, kunne nestleiar i Bondelaget tenke seg å få ei felles rettleiingsteneste for fylket.

– Fylket vårt har vore mykje delt. NLR si omlegging er kanskje med på å dele fylket endå meir, seier Overvoll, og legg til:

– Eg ynskjer å reise ein debatt kring organiseringa av rettleiingstenestene for bøndene i Møre og Romsdal.

Overvoll og styret i Bondelaget fryktar rettleiingstilbodet vil bli dårlegare om NLR skal samarbeide med andre fylker om rettleiinga.

– NLR Sunnmøre skal ikkje velje mellom Vestlandet og Trøndelag, men mellom Vestlandet og Møre og Romsdal. Møre og Romsdal har alltid vore trekt mellom Vestlandet og Trøndelag, og må ha godt samarbeid begge vegar, seier Overvoll.

## Endringa kjem i 2016

Dagleg leiar hjå NLR Sunnmøre, Olav Martin Synnes, skildrar strukturendringa i NLR. Vedtaket om omfattande endringar vart gjort på årsmøtet på Gardermoen, i mars 2014.

– For få år tilbake i tid var det om lag 100 NLR-einingar rundt i landet. Det har gradvis skjedd samanslåingar. I dag er vi 39 einingar. Vedtaket på årsmøtet inneber at det skal vere om lag 10 regionar frå 2016. Ein ynskjer regionar som er større enn ein-skildfylke, seier Synnes.

I dag har NLR Sunnmøre 32 medlemmar i dei 12 kommunane Sandøy, Haram, Giske, Ålesund, Sula, Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Vanylven, Ørsta og Volda.

– Vil omorganiseringa ha noko å seie for bøndene?

– Det er ei viktig målsetting at aktiviteten, kunnskapen og kontorplasinga skal vere uendra. Målet med omorganiseringa er at organisasjonen skal bli betre rusta for framtida. NLR skal bli meir einsarta. Tilboda til gardbrukarane skal vere mest mogleg like i heile landet. Kunnskapsflyten mellom einingane skal bli betre. Dei tilsette skal få betre høve til å tileigne

seg spisskompetanse. Det vil også vere aktuelt for NLR å gi rådgivingstilbod på nye fagområde. Slike målsettingar er lettare å få til om ein har store nok regionar, seier den daglege leiaren av NLR Sunnmøre.

Synnes opplyser at sidan starten på 1980-talet har NLR Sunnmøre hatt eit godt samarbeid med kollegar på Vestlandet, i Sogn og Fjordane, og Hordaland. Dette gjeld fagmøte og ulike forsøksprosjekt.

– Landbruket på Sunnmøre liknar på det ein har i dei andre Vestlandsfylka. Styret i NLR Sunnmøre ser det som ynskjeleg at heile Møre og Romsdal, på kort eller lang sikt, blir med i «NLR Vest». Våre kollegar i Romsdal og Nordmøre har også tidlegare i stor grad teke del i det gode samarbeidet på Vestlandet. Vi trur ikkje at rettleiingstilbodet i Møre og Romsdal blir svekka av eit samarbeid med resten av Vestlandet, snarare tvert imot, sumerar Synnes.

## Ynskjer samlande samarbeid

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har hatt dialog med dei ulike partane i samband med omorganiseringa av NLR.

– Generelt kunne me tenke oss at bøndene sine organisasjonar samarbeida betre lokalt og regionalt. Eg trur tettare og betre samarbeid styrker bonden, og gir større innflytelse, seier Ottar Longva, assisterande landbruksdirektør i Møre og Romsdal, og held fram:

– Vi har merka oss at NLR Sunnmøre ikkje ønskjer å vere ein del av det regionale fellesskapet, og at dei søker organisatorisk tilknytning utanfor Møre og Romsdal. Dette er eit særdeles viktig strategisk spørsmål, og eg håper at medlemmane tenkjer nøye gjennom alle sider før det blir gjort vedtak i saka.

Rettleiingstenesta Landbruk Nordvest ynskjer også å samle Møre og Romsdal.

«Tine har gjort det, Felleskjøpet er i ferd med å gjøre det – til og med Politiet ønsker å gjøre det: samle Møre og Romsdal og gjøre fylket vårt til en sammenhengende region. Det tjener verken vår velferd eller vår trygghet å dele Møre og Romsdal – det medfører forvitring og fragmentering, framfor samhandling og utvikling,» skriver Landbruk Nordvest i ei pressemelding.

Organisasjonen er i dag tilknytt både NLR og Norske Landbrukstener (NLT).

Rune Sjøholm, dagleg leiar i Landbruk Nordvest, har sterk tru på at eit samla fylke vil vere betre for bøndene. Han trekk fram at Møre og Romsdal ofte har kome dårleg ut i strukturdebattar innan landbruket. Det grunngeve han med at fylket har vorte splitta i ulike delar. Sjøholm meiner at eit samla fylke, når det gjeld rettleiingstener i landbruket, er eit betre utgangspunkt for samarbeid med nabofylka enn eit splitta Møre og Romsdal.

«Landbruk Nordvest er for tiden inne i en omfattende strukturdebatt som berører landbruksrådgivinga i landbruksfylket Møre og Romsdal. Vi leverer i dag tjenester og rådgiving til bønder i 32 av 36 kommuner i fylket vårt. Målet er sammenhengende rådgiving, HMS og velferdstjenester i samtlige kommuner i fylket,» opplyser organisasjonen i pressemeldinga.

aktuelt i landbruket

aktuelt i landbruket